

# Referat frå styremøte i Valldal IL

Tid: Tysdag 11.9.2012 kl 19.30-22.00

Stad: Klubbhuset- Omenås

Desse møtte: Einar Hoel, Yvonne Dale, Arvid Frostad, Trond Håvoll, Ellisiv Valdal Jarvik (fotball), Aksel Indreeide (langrenn), Magne Eivind Glomnes (friidrett).

## Sak 1: Orientering frå gruppene (status)

Langrenn- starta opp med treningar barmark, tysdag og laurdag. Treningsgruppe godt i gang. Arbeider med å få til tilbod med skiskyting til vinteren. Klubbkveld med Sport 1 Tomra i oktober, skal ha breidt tilbod frå racingski til barneski. Starta planlegging av løypekøyring. Rydding og sikring av trasear må gjerast før vinteren.

Fotball- Valldalscup går ut, svært lite interesse. J12 påmeldt i Futsalserie. Planlegging av innetrening. Skal arrangere bingo. Innkjøp av 10 inneballar.

Friidrett- Avslutta V/L cup. Felles avslutning på klubbhuset. God oppslutning om stemne i Stordal.

Leiar VIL- delteke på Møterunden MR Idrettskrets, fokus på spelemedialar. Kort orientering om Mefjellet opp – Olsok.

## Sak 2: Godkjenning val i trimgruppa

Styret godkjenner Dagrun Rem som leiar i trimgruppa. Årsmøtet ga styret fullmakt å godkjenne val av leiar i trimgruppa.

## Sak 3: Idrettskulen 2012/13

Vi prøver å få i gong idrettskule også dette skuleåret. 1.-4. klasse. Aktuelle daga er tysdag eller onsdag. Kl 16-17. Det vert retta spørsmål til elevar ved idrettslinja på Stranda vgs. Karianne Vestre Døving får oppgåve med organisering.

## Sak 4: Rehabilitering Valldal stadion

Arbeidet med planlegging må kome i gang. I utgangspunktet er det 3personar som skal arbeidet med dette. Frå fotballgruppa – Anders Rem, frå friidrettsgruppa-Håvard Sunde. I tillegg vert Kenneth Hovden spurde om å vere med. Dette er eit omfattande arbeid, så det kan vere forhasta å prøve å få til søknad om spelemedialar. Bør prioritere klubbhuset i 2013. I tillegg er stadion fortsatt i brukbar stand.

## 5. Klubbhuset

Det vert å sende inn søknad om spelemedialar for vedteken rehabilitering av klubbhuset. Kostnadsramme kr 750.000 som er litt høgare enn det som var utgangspunktet på årsmøtet (kr

690.000). Frist for søknad om førehandsgodkjenning er 1.10. Det må snarast settast ned anleggsnemnd, sak til neste styremøte.

6. Klubbgenser

Det er innhenta tilbod frå ulike leverandørar. Prøve på genser frå Sport1 Tomra til neste styremøte. Minimum 100 stk er aktuelt. Sponsorar vil få ned pris på genser ut til medlemmar. Sparebanken Møre, Gjensidige, Sport1 Tomra m.fl. kan vere aktuelle. Klubblogo skal vere på genser.

7. Olsok 2013 – Mefjellet opp

Utsett til neste møte

8. Utleigesatsar klubbhus

Gjeldande satsar vart stadfesta. I tillegg nye satsar for utleige av

- Bestikk kr 100,-
- Service kr 100
- Anna inventar kr 100
- Utebord/-benkar kr 50 pr sett,
- Utleige av bane i tillegg til klubbhus: kr 200

9. Fellesutgifter

Utsett til neste møte

10. Sandvolleyballbane

Utsett til neste møte

Einar Hoel

ref